

Dugnadsarbeid på mange frontar!

11.05.2016



Skal tidleg krøkjast..... ung og fornøgd dugnadsdeltakar og brannmann Per Olav Myklebust får instruksjon av Gaute Moberg.

Onsdag var ein av dei store dugnadskveldane i Uskedalen. No er det travle tider, og det er tydeleg at det vert lagt ned mykje godt arbeid for at bygda skal vera finast mogeleg til feiringa av nasjonaldagen. Det var i alle fall dugnad 3 stader. Det var på skulen, på Stemneplassen og på parkeringsplassen og området rundt Gamleskulen.



[Lilli Britt Urheim informerer deler av dugnadsgjengen på skulen.](#)

På skulen var den største flokken samla. Verksemdsleiar Lilli-Britt Urheim leia arbeidet. Der hadde det også vore dugnad kvelden før. Då var det gjort mykje godt arbeid. Vi nemner at grillhytta var mala, og langs veggene ved barnehagen var det sett opp og planta i ei rekkje med solide urner. Med dei siste slo ein to fluger i ein smekk. I tillegg til at det pynta flott opp, har dei også ein viktig trafikksikringsfunksjon. Dei hindrar køyretøy å køyra heilt inn til veggene, og dermed vert det ei trygg 'gate' for dei gåande. Då eg var innom ved oppstarten på dag 2, var ein god del arbeidsvillige foreldre på plass.

På Stemneplassen var ein gjeng på 7-8 personar i fullt arbeid. Dei ryggja vekk greiner og kvistar etter vedhogst og rydjing i vinter, og elles gjekk det i raking, kosting og anna vårleg opppynting.

3 karar frå branntroppen, Gaute Moberg og brørne Runar og Tor Øystein Myklebust gjorde ein viktig jobb ved å spyla parkeringsplassen i sentrum. Her fekk vi også sjå at det ikkje er noko i vegen med rekrutteringa til korkje branntroppen og dugnadsarbeidet. Vesle Per Olav, son til Runar, fekk kyndig opplæring i spyling av brannmann Gaute. Rundt oppslagstavla var også ein gjeng i arbeid med fjerna skit som hadde samla seg der gjennom vinteren. Dessutan la vi merke til at Pornthip Pomngern kom med bilen full av planter for å pynta opp rundt thaivogna.

Bygda vil nok vera strigla og klar til å ta mot både nasjonaldagen og den påfølgjande sommaren. Vi kjenner også til at det har føregått ein del anna dugadsarbeid i det siste.



Dei nye blomsterurnene på skulen både pyntar og har trafikksikringsfunksjon.



Grillhytta på skulen er nymalt.



[Stemneplassen vert fjelga til 17.mai.](#)



Pornthip Pomngern stilte med bilen full av blomar.



Brannvesenet sytte for spyling av parkeringsplassen i sentrum.



Henrik Lyse med fleire sytte for rydding rundt oppslagstavla.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.